

S O G A

O M

A/L K A F F I S T O V A - B O N D E H E I M E N

TLL. LAGS ÅT ALLE
KAN INGEN GJERA.
DET ER NO GAMALT
OG FER SO VERA.

S O G A

O M A/L K A F F I S T O V A - B O N D E H E I M E N

Ein soge som vart til i eit samarbeid mellom
Georg Steinmoen og Nils E. Nilsen.

Skrive av Nils E. Nilsen.

F Ø R E O R D

Den gongen A/L Kaffistova - Bondeheimen vart vedteke, seld, på omframtårsmøtet 15 august 1986, og vedteke fasjonert på det ordinære årsmøtet 22 april 1988, vart Georg Steinmoen og eg uppmaa å ta på oss uppgåva å skriva ned historia om A/L Kaffistova - Bondheimen.

Bondeheimen)
V
Ei krevjande uppgåve som nyttilsett lærar i vidaregåande skule i 1988 (etter 46 år i industrien), vart årsaka til at skrivearbeidet vart utsett nokre år.

Georg Steinmoen og eg møttes av og tel, og vi fann etter kort underlag i Drammens Handelsregister og i Andelslagets møtebøker, men noko skriving vart det ikkje, før eg vart alvorleg sjuk i januar 2000,

Etter sjukehusupphaldet vart eg nødd å ta det med ro ein stund, og då starta eg opp skrivinga på "Soga om A/L Kaffistova - Bondeheimen".

Eg vonar lesarane kan ha gledje og nytte av å lesa om ihuga og uegennyttig arbeid, som vart nedlagt av framsynte kvinner og menn, med røtter i lagsarbeide, og ei tru på ei viktig sak : At ungdomen kan møtast på eit triveleg sted, med rimelige priser, og eit rusfritt miljø.

Nils E. Nilsen.

SOGA OM A/L KAFFISTOVA = BONDEHEIMEN.

For å få litt innsyn i kvifor A/L Kaffistova - Bondeheimen i Drammen vart skipa til, må vi gå litt attende i historia.

Krigane i Europa på 1800-talet førte med seg stor naud og fattigdom, og Noreg fekk merka dette sterkt. Det vart difor ikkje så underleg at mange valte å utvandre til det "førjettede land" Amerika, hvor mogelighetene syntes store.

I tida 1870 til 1900 utvandra meir enn 800.000 nordmenn til Amerika, med von om ein betre framtid, enn det da syntes mogeleg i heimlandet Noreg.

Ved 1900-årskiftet vaks industrien fram i Noreg, og ga mogeligheter for økonomisk vekst og betre levekår. Industribedriftene blei skipa til i byane eller like ved byane, over heile landet, og der trengte dei arbeidskraft. Her så bygdingdommen ein mogelegheit til å tjena penger, og å koma seg fram i livet.

Bak seg hadde dei bare ein enkel grunnskule. Men nokon fekk undervisning ved Folkehøgskulane, som no vart starta opp fleire stader i landet, og det vart der draumane vart fanga. Blandt lærare og elevar veks det fram eit ynskje om eit fellesskap, som førte til dannelsen av frilyndte ungdomslag i Noreg. Landet vårt hadde lege i myrke i fleire hundre år, men no syntet det seg ein lysning, so ungdomen syna von om ein framtid.

Dei hadde no begynt å søkja inn til byane og tettstedene, for å freista å finne lukka der. Skulegang og arbeid vart det lettare å få seg der enn heime, og dessuten kunne plassen i fedreheimen etter kort verta noko trång.

Ein del av dei som reiste, tok med seg det beste heimanfrå, og på den måten stod dei traust fram i det nye livet dei skulle ta til med. Men det vart ikkje alltid liketel å greie det nye livet. Kleda dei bar og målet vart annleis, og mange stod der og følte seg åleine, heimlaus og frendelaus.

Dette har fleire av våre kjente diktarar, som Garborg, Sivle, Vinje og Åsen skildra.

Mang ein gjente og gut frå landet for nok vill i byen. Dei glømde fedrenearven, og tok til seg det som vart lettast å få tak i. Ein kan finna mykkje i ein by, både på godt og vondt.

Rusdrykken vart ofte den største faren. Ein del av dei som prøva seg på den vegen før å hevda seg, fekk merka at resultatet vart ikkje likare den gongen enn no. Mindreverdskjensla vart nok utslagsgjevandee for ein del av dei som tydde til rusdrykk før å hevda seg. Difor vart det så viktig at ungdomsrørsla vart grunna på alkoholfritt grunnlag. Bygdeungdomen følte eit ynskje om å koma saman, og tanken om ungdomslag veks seg stadig sterkare.

Noregs Ungdomslag vart skipa tel i 1896, og fekk mykkje å seia for ungdomen, og særlig landsungdomen.

Også i Drammen vart det mange som ville vera med og danne ungdomslag. Frå Hallingdal hadde det komme ungdom som held saman og ville skipa til ungdomslag. Ved århundreskiftet vart bygdeungdomslaget "Fjellklang" skipa til i Drammen, med bare hallingar i laget. Men da ungdomer frå andre bygder ville vera med, vart "Fjellklang" leyst upp, og "Bondeungdomslaget i Drammen" vart skipa tel i 1912. Her vart det adgang for alle, også byungdom, idet styreføresesognene og arbeidsprogrammet gjev eit klårt syn på ein frilyndt ungdomsrørsle, der folk frå heile landet kunne vera med.

Samstundes kom ynskje om eit sted å kunne mœtaast kvar dag, over kanskje ein kopp kaffé. Mange stader i landet vårt vart det skipa tøl kaffistover, så kvifor ikkje også i Drammen. Ein kaffistove, som kunne by ungdomen god landsens kost for sin rimeleg penge, i eit miljø utan rusdrykk.

Bondeungdomslaget i Drammen gjekk då saman med andre lag, og 25 februar 1914 vart "Bragernes Kaffistove" åpna, i leigd lokale i 2dre etasje i Bøhms forretningsgård attmed torget.

Bilde av
Bøhms
Gård
17,0x12,5 cm

Kaffistove

Den første husmora i "Bragernes Kaffistove" vart Gunda Storeli, og den første forretningsføraren vart Aslak Vesterdal.

Drammens daværende borgermeister Gurstad, vart ein av dei mange som ville at den nystarta "Bragernes Kaffistove" skulle gå godt, og han fekk istand ein festmiddag, der han sjølv vart vert.

Med den fine og lett synlege beliggenhet ut mot Bragernes torg, vart kaffistova godt besøkt, og ikkje bare av bygdeungdom. Andre kom innom fordi dei tykte maten der var god og rimeleg, og for å treffe venner og prate over ein kopp kaffé.

KJØPET AV ENGENE 4.

Etter 3 gode år i Bøhm-gården, ville eigarane nytte lokala sjølv, så difor måtte det prøvast å få leigd eit anna sted. Då eigedomen Engene 4 vart tilsalgs i 1918, tok lutlaget som vart danna tidlegare, og bestod av Bondeungdomslaget i Drammen, Drammen Mållag, Buskerud Mållag, og Drammens Fri-sinnede Ungdomsforening, på seg ein stor oppgåve, å skaffa fram pengar til kjøp av denne eigedomen.

Bilde av
Engene 4.
17,0x12,5 cm

Engene 4 vart ein middels stor forretningsgård, beliggende på hjørnet av Engene og Amtmann Bloms gate, med 5 forretningsgar i fylste etasje, med mogelegheit for kafédrift i andre etasje, og overnattingsrom i tredje etasje. Store utfordringer for dei 4 laga, men dei syntes å klara dette bra.

Medlemstalla i dei forskjellige laga ga ofte svingningar i besøkstalla i Kaffistova. Dei fleste styremøta vart haldne der, og når medlemstalla vart små, vart også medlemsmøta haldne i Kaffistova. Men til større samankome vart lokala for små, og ein lyt leiga andre stader.

På årsmøtet i A/L Kaffistova 28 januar 1928, tok ein konsekvensen av at det budde folk på overnattingeromma i tredje etasje, og vedtok da at navnet skulle endrast til A/L Kaffistova - Bondeheimen, Engene 4 Drammen.

Heilt frå 25 februar 1914, då Bragernes' Kaffistove vart åpna, hadde virksomheten vart tilmeldt Handelsregisteret i Drammen. Då Engene 4 vart kjøpt og virksomheten vart starta opp der, vart navnet endra til A/L Kaffistova frå 1918. Endelig vart navnet 28 januar 1928, endra til "A/L Kaffistova - Bondeheimen", men dei fleste omtala stedet som Kaffistova.

Samtidig med navneendringa, vart også lovane frå 08.03.14. tatt uppatt med endringar 28.01.28. og registrert i Handelsregisteret, med følgjande ordlyd :

LOV

for A/L Kaffistova - Bondeheimen i Drammen.
Vedteken på Generalforsamlinga 8 mars 1914,
med endringar seinast 28 januar 1928.

§ 1.

A/L Kaffistova - Bondeheimen i Drammen er grunda på 20 aktiar á kr. 100,-. Aktiane er heilt innbetalte og lyd på navn. Føremålet for A/L Kaffistova - Bondeheimen er å vera ein heimeleg samlingstad for landsfolk og byfolk, der norsk sed og skikk vil verta etterreist i husbunad, matstell, o.l.

§ 2.

Aktieeigarane, som har 1 røyst for kvar atie, vel for
2 år 5 styremenn. Styret vel seg i mellom formann og
varaformann. I styret skal sittja både kvinner og menn.

§ 3.

2 ettersynsmenn ser etter rekneskapen og kassa til uvise
se tider.

§ 4.

Forretningsstyraren syter for alle innkjøp, o.l. etter
samråd med husmora. Han syter og for at det vert halde
grei rekneskap. Han skal i eit og alt vaka over forret-
ninga, så ho trives og gjeng fram.

Styret held møte så ofte det trengst, etter varsel fra
formannen, og avgjer då dei saker som ligg fyre. Alle
vedtak vert bokførde. Styret fester og uppsegjer for-
retningsstyrar, husmor og tenrarar, set løn og reglar
for desse, og er sjølv tilstades rett som det er for å
sjå etter. Forretningsføraren skal ha løn, og han lyt
skaffe ei trygd, som vert godkjent av styret.

§ 5.

Rusdrykk må ein ikkje nyte i Kaffistova.

§ 6.

På årsmøtet i januar legg styret fram årsmelding og et-
tersett rekneskap, og dei val som er fyriskrivne i § 2
gjeng fyre seg. Skal nokon ha umframtløn, kan årsmøtet
taka av overskottet. Årsmøtet skal også taka avgjersle om
noko av overskottet skal brukast til ålmement beste, då
fyrst og fremst til slikt som høver inn i føremålet for
Kaffistova, og til tuberkulosearbeidet. Stor-møte kan
også haldast til andre tider, når styret eller minst 3
aktieeigarar ynskjer det.

§ 7.

Ynskjer nokon av aktieeigarane å selja aktiane sine, skal Bondeungdomslaget, Drammens Frisinnede Ungdomsforening, Drammens Mållag og Buskerud Mållag ha fyste retten til å kjøpa dei etter dagens kurs. Salet skal godkjennast av styret.

§ 8.

Um det gjeng tilatters med Kaffistova, skal eit stormøte av aktieeigarane avgjere um Kaffistova skal slutta.

✓
Utskrifta er rett:

Sinatur:

politisekretær.

Signatur

Etter at årsmøtet 28 januar 1928 hadde vedteke navneendring til A/L Kaffistova - Bondeheimen, hadde også valet vorti avvikla med samråystes val av styre.

Styret vart då: Erling Omholdt, Ellef Ellefsen, Rasmus Huse, Anna Kirkeeide og Erik Fanuelsen.

På styremøtet 5 mars 1928, vart Erling Omholdt valt til formann, Ellef Ellefsen til varaformann, Rasmus Huse til skrivar, og Anna Kirkeeide og Erik Fanuelsen til styremedlemmer.

Navneendringen og det nye styret vart registrert i Handelsregisteret 20 desember 1928, og innrykket i Kunngjørelses-tidende 21 januar 1929.

Heile styret vart attvalde på årsmøtet 31 januar 1930, med same styrefunksjonar som ved valet 28 januar 1928. Det vart ein liten endring i styret på årsmøtet 1 februar 1935, då Kirsten Aarholt vart invald for Erik Fanuelsen.

På same årsmøte vart det samråystes vedteke å skriva upp aktiane frå kr. 2.000,- til kr. 3.000,-, fordelt på 20 aktiar á kr. 150,-.

Anno 1935 skjedde følgjande i Kaffistova:

Dei kr. 1.000,- vart teken frå overskotsfondet.

Jørg. Håkenrud har no ein rekke år hatt lagets prokura.

Det vart ein utskifting i styret på årsmøtet 30 januar 1936, idet Bertine Benterud avløyste Kirsten Aarholt.

Etter årsmøtet 31 januar 1938, vart Ellef Ellefsen formann, Anna Kirkeeide vart varaformann, Rasmus Huse vart skrivar, og Bertine Benterud og Bjarne Haakonsen styremedlemmar.

I dei 10 åra som no har gått, har det vært gode inntekter for Kaffistova, og både landsfolk og byfolk har hatt ein møtestad, der dei for ein rimeleg penge har fått god landsens kost i trivelege omgivelser. Det vart mange som askte Kaffistova både føre og etter ein tur på kino, som holdt til like i nærleiken.

Og Kaffistova gjekk virkelig godt, takket være husmora Anna Kostøl og styreformann Ellef Ellefsen. Overskota kom luteigarane tilgodes, og også ein del humanitære organisjonar.

DEN ANDRE VERDSKRIGEN STARTAR NO OPP I EUROPA.

Adolf Hitler og den tyske hær hadde no begynt sin systematiske annektering av dei nære nabolanda, og snart stod heile Europa i flammer.

Her heime begynte vi nå å få rasjonering, og det vart vanskeligare å få fram nok mat og god mat til Kaffistova. Så kom 9 april 1940, og Tyskland gjekk til åtak på Noreg. Etter ein kort kamp mot ein overlegen krigsmakt, vart vi okkuperte av tyskerne.

Krigsåra 1940 til 1945 vart ei vanskeleg tid for oss alle, og så også for Kaffistova. Streng rasjonering, og ikkje minst alle restriksjonane som blei pålagd oss alle frå dei styrande maktene.

Dei som var ansvarlige leirarar i Kaffistova, fyst og fremst husmora Anna Kostøl og styreformann Ellef Ellefsen, fekk mang ein gāng merka dette i form av kontrollar og reine trugsmål.

Nazistane prøvde på mange vis å kome innafor, både i Kaffistova og i dei 4 lutlaga. Dei ville ha kontroll og styring, og omatt og omatt kom dei med pålegg og forordningar frå det såkalte "Kultur- og Folkeopplysningsdepartementet", med registreringsskjemaer som dei påla skulle fyllas ut. Dei ville ha navn, alder og adressar til alle, som dei meinte hadde ein møtestad i Kaffistova. Dei truga også med å ta over styringa av heile drifta, og viste stor oppfinsomhet med forsøk på innfiltrering, utan å lukkas med det. Samhaldet blandt alle laga i Kaffistova vart eneståande, og mang ein ungdom som vart utsatt for mulig arrestasjon, vart hjulpe til ein sikker gjømmestad, eller også heilt til Sverige.

Nazistane vart ikkje dummare enn at dei fortod forbindelsen millom BUL og Kaffistova. I 1942 vart det fyste alvorlege anslaget mot BUL og Kaffistova, då ein nazistisk politifullmektig forlangte at formannen i BUL skulle møte på hans kontor med medlemslister og fortegnelse over eigedeler. Det vart tydeleg vist til hva straffa ville bli, hvis kravet ikkje vorte etterkommet.

Men styret i Kaffistova og styrene i lutlaga stod saman om ikkje å gi nokon opplysningar. Dei møta som vart haldne, vart ofte avtala med "munn til munn-metoden". Ikkje stort skriftleg vart utført, og ingen årsmeter vart avertert, og val vart lite ført i protokollane. Men dei prøvde seg, omatt og omatt, uten å lukkast.

Men drifta av Kaffistova måtte gå sin gang, og på "årsmøtet" 29 januar 1940 vart det valt eit styre, med Ellef Ellefsen, Anna Kirkeide, Bjarne Haakonsen, Ola Ulsaker og Håvard Austad.

Den 21 mars 1941 måtte dei sende melding til Handelsregisteret i Drammen, at "Årsmøtet" 7 februar 1941 hadde vedteke å auke aktiekapitalen, frå kr. 3.000,- til kr. 30.000,-, ved å føra øver kr. 27.000,- frå disposisjonsfondet, og dei 20 aktiane vart verde kr. 1.500,-, pr. stk. heilt innbetalte.

Det virker noko underleg at nazistane ikkje undersøkte i Firmaregisteret eller Norsk Lysningsblad, for der stod jo navnene på styremedlemmene i Kaffistova. Men dei hadde nok meire tru på trugsmål.

I 1944 vart nazistane nesten iferd med å lukkast. Nå skulle BUL og Kaffistova styrast av ein mann med medlemskap i N.S. Når dei ikkje vant fram med å finna ein ansvarleg person, vart husmora Anna Kostøl og styreformann Ellef Ellefsen truga med arrestasjon og streng straff, hvis dei ikkje skaffa tilveie dei opplysningane. Men dei to kjende ikkje til nokon "ansvarleg person", og vart forberedt på å vørte arresterte.

Heldigvis hende det andre alvorlige saker innen nazipolitiet, og gode nordmenn innen politiet syta for at det hele glei over. Men det vart nære på den gongen.

2 norske
flagg
i kryss.

NOREG FRITT LAND IGJEN.

Disse 5 åra med trugsmål hengande over hovudet på alle dei som hadde Kaffistova som sin møtesplass, vart utløyst til glede, då Noreg etter vart et fritt land 8 mai 1945. Nå kunne vi leva fritt igjen. Nå skulle det ryddast og gjerast klårt for framtida. Og optimismen var velgrunna, då interessen for Kaffistova og lutlaga vart stor. Arbeidet i Kaffistova vart dreve godt, takket vare innsatsen frå styret, forretningsførar, og ikkje minst husmora Anna Kostøl. Hu skal ha æren for den trivsel alle følte, både kafégjester og leigebuarar i utleigeromma.

) Det vart til tider 8 tenrarar, og rekneskapen viste bra overskott kvart år. Difor kunne ein kort år dela ut utbytte til luteigarane. Ein del av inntektane kom sjølv-sakt også frå forretningane i fyste etasje.

) Det vart vanskeleg med matrialar til vedlikehald i krigsåra, så etter mange års bruk utan vedlikehald, kom det no klårt fram behovet for modernisering og heil oppussing av lokalane. Arkitekt Gulden vart engasjert til å utarbeide forslag og kostnadsøverslag ved ein heil modernisering.

) Men det tok tid før det vart mågelig å få løyve til å kjøpa inn matrialar, og årsmøtedeltagarane forsto disse problema.

PÅ ÅRSMØTET 14 februar 1948 vart det nokon nye navn i styret, med Håvard Austad som formann, Anna Kirkeeide som varaformann, Sivert Meldal som skrivar, og Ola Ulsaker og Harald Braathen som styremedlemmar.

) Det vart nesten same styre som vart vald på årsmøtet 19 februar 1950, men Guri Johannessen kom inn i stedet for Ola Ulsaker.

) Men Guri Johannessen vart på årsmøtet 29 februar 1952 erstattet av Arne Tandberg. Resten av styret vart attvalde.

Arne Tandberg satt også bare 2 år i styret, for på årsmøtet 26 februar 1954, vart Reidun Tangen vald inn i stedet for Tandberg. Resten av styret vart attvalde.

Så vart det endelag gitt løyve til matrialinnkjøp, og det vart innkalt til omframtårsmøte 23 mars 1955, og der skulle oppussinga avgjerast og tilboda vurderast.

) Det vart då valt ein byggenemnd på 5 personar, som bare skulle ta seg av arbeidet med denne store uppgåva. Dei valde vart: Erling Windheim, Severin Augestad, Anna Kostøl, John Oppheim, og Alf Solås, som vart vald til formann. Kaffistova's styre i denne perioden vart formann Håvard Austad, Anna Kirkeeide, Sivert Meldal, Reidun Tangen og Harald Braathen.

) Entreprenør Kongsten vart tilstades og ga sin vurdering. Styret fekk tilslutt fullmakt til å bruke inn til kr. 85.000,- til desse arbeidene. Det vart gitt uttrykk for at arbeidet måtte foretaes på en slik måte at det ikkje hindra drifta av Kaffistova. Men pengane måtte skaffast fyst.

) Styret i Kaffistova hadde eit sammøte med byggenemnda 12 mai 1955, hvor byggenemnda la fram eit førebels kostnadsøverslag på ommbygjing og oppussing. Totalsummen vart då utrekna til kr. 54.166,96. Byggenemnda fekk i dette møte fullmakt til å styre dette på beste måte, og gi styret meldinger underveis.

) På styremøtet 7 juni 1955, vart husmora Anna Kostøl tilstades, og formann Håvard Austad takka henne for at hun nå hadde vorti husmor i Kaffistova i 20 år.

) På grunn av ommbygjing og oppussing skulle ein utsetja 20 årsmarkeringa, men hun fikk førebels ein varm takk for sin dugande innsats og framgangsrike arbeid for lagsbruket.

) Forretningsførar Ellef Ellefsen vart tilstades på styremøte 14 september 1955, og kunne meddele at A/L Kaffistova - Bondeheimen hadde vorti innvilga eit lån i Drammen Sparebank på kr. 40.000,-, mot pant i eigedomen Engene 4. Likeeins meldte han at Drammen Overformynderi hadde innvilga eit lån på kr. 20.000, også mot pant i eigedomen.

På det samme møte vart eit målarstykke med motiv frå "Visa om Margit Hjukse", og putebenkene frå Storsalen, vedtatt gjeve som gāve til Buskerud Folkehøgskule.

Ombygginga vart også hovudsaken på styremøtet 30 september 1955. Det vart komme eit tilbod frå firmaet Lehmkühl på ein Kafeteria-disk,(eller kjøle-varmedisk), til pris kr. 20.000,-. Firmaet Lehmkühl skulle da ta over nåverande kafédisk, og gi ein "god pris for den". Derved vart tilboden godtatt og vedteke.

Da nå Ellef Ellefsen hadde slutt som forretningsførar, vart Alf Selås valt til ny forretningsførar.

Arne Trolsrød fortsetter som ettersynsmann.

På styremøtet 19. desember d.å. la byggenemnda fram eit rekneskap som viste at ein hittil hadde måttet bruke kr. 75.586,-. Av denne summen vart det brukt kr. 15.000,- på overnattingsromma og romma til tenarstabben.

Kafédisken kom til slutt på kr. 21.000,- ferdig montert. Alt vart vedteke.

Det vart også vedteke å halde tenarskapen ved disken med like forklær, 2 for året.

Bondeungdomslaget hadde søkt å få nytta eit ledigt rom i fyste etasje til studierom, og det blei innvilga. Kaffistova kostar ny dør, og Bondeungdomslaget skulle sjølve pussa opp rommet.

I årsmeldinga for 1955 kom det fram at innvendig oppussing og ombyggnad hadde komme på kr. 120.000,-. Av det kr. 62.000,- på kaféen, kr. 15.000,- på utleigeromma/tenarromma, ny dør kr. 20.000,-, og innventar kr. 20.000,-.

i
disk

II
updrag

Nå som alt vart oppussa og i bra stand innvendig, måtte ein også foreta ein oppussing utvendig, og murmeister Kristiansen fekk i oppdrag å gjere dette arbeidet for ca. kr. 5.000,-. Etter at murarbeidet vart utført, måtte det målast, og det arbeidet blei anslått til kr. 5.000,-.

) Styremøtet 4 juli 1956 vedtok å auke lønna til husmora Anna Kostøl fra kr. 500,- til kr. 650,- pr. mnd. Samstundes vart det gjort vedtak om å auke lønna til forretningsførar Alf Solås fra kr. 85,- til kr. 125,- pr. mnd. Ettersynsmann Arne Trolsrød skulle fortsatt ha ein årlig godtgjørelse på kr. 300,-.

) Rommet som Bondeungdomslaget hadde fått leigd i fyste etasje, vart det etter kort fleire som ville leige på dagtid, når rommet ikkje vart nytta av Bondeungdomslaget. Forretningsmannen Arne Skarra søkte å få nytta rommet på dagtid i ca. 1 år til demonstrasjonar, inntil han hadde fått ordna andre lokaler.

) Det vart vedteke at dei interesserte måtte avklara med Bondeungdomslaget fyst, så kunne ein komme tilbake til eventuell leige.

) Styret vart på styremøte 14 september 1956 samde om at dette vart rett avgjerd.

) Husmora Anna Kostøl, som hadde hatt ansvaret i mange år, nærma seg pensjonsalder. Difor vart det på årsmøtet 27 februar 1957 vedteke at ho skulle få ein pensjon på kr. 150,- pr. mnd., frå den dagen ho kom til å slutte.

) At Kaffistova i fleire år no hadde gått særsla bra, kunne ein se av Årsmeldinga for 1957, som vart opplesen på årsmøtet 25 februar 1958. Styret ga framlegg om å nytta overskottet soleis:

5% vinst til aktieigarane kr. 1.500,-

Til Disposisjonsfondet kr. 14.000,-

Til rådvelde for styret kr. 3.361,-

Tilsammen kr. 18.861,-

Til dette vart det også gitt gaver til følgjande:

Noregs Mållag kr. 500,-

Buskerud Målkontor kr. 900,-

Leikarringen Noreg kr. 1000,-

Anna Kirkeeide, som no ville slutte som styremedlem etter 32 års innsats, vart behørlig varmt takka av styreformann Håvard Austad. "Ho hadde ikkje berre vert med i styret i alle desse åra," sa formannen, "men ho hadde våre levande med, og gjort eit framifrå arbeid". Årsmøtet, 25 februar 1958, var med på takka med handklapp og med å reisa seg.

Fru Kirkeeide takka for venlege ord og for samarbeidet gjennom alle desse åra.

Anna Kirkeeide vart invitert til styremøte 12 mars, og ved kaffebordet hald formann Håvard Austad tale for henne, og takka for trufast og dugande arbeid i styret for Kaffistova gjennom 32 år. Som eit synleg prov på den takksemnd styret stod i til fra Kirkeeide, overrakte han henne ein fin lenestol frå Kaffistova, hvorpå fra Kirkeeide takka for den fine gava.

I hennes stad rykker nå Steffen Gausemel inn i styret.

Tidlegere forretningsfører Ellef Ellefsen, som sluttar i Kaffistova i 1955 etter 20 års innsats, gjekk bort 3 oktober. Formann Håvard Austad la ned ein krans på båra, og minnesog framførte takk for Ellefsens dugelege arbeid for Kaffistova.

På styremøtet 21 november 1958 heldt formannen ein minnetale over Ellefsen, som styret høyde ståande.

I den seinare tid hadde ein ungdomsgjeng kome fast til Kaffistova på kveldstid. Dei hadde laga bråk, og tildels også hærverk. Soleis hadde ein unggut karva eit hål i veggen på toalettet. Der hadde han skyve inn ein påtendt sigarett, slik at det begynte å brenna i veggen. Brannvesen og politi vart varsle, og brannmennene måtte rive opp veggen for å kome til å sløkkja. Det vart berre eit hell at brannen vart så tidleg oppdaga og varsle, elles kunne heile gården vært brannherja.

Den skuldige guten tilstod, og da han lovte å betala heil vøling av toalettet, frafallt styret politianmeldelse.

Hendelsen vart behørlig diskutert på årsmøtet 25 februar 1959, og dei som hadde ordet, meinte at styret måtte visa seg på Kaffistova på kveldstid, og ein oppmoa også medlemmane frå lutlaga å gå dit, for med sin tilstødeværelse og føredøme visa ungdomen høveleg adferd.

Husmora Anna Kostøl opplyste på styremøtet 15 april, at ho no vart betre nøgd med tilhøva i den seinare tid. Det hadde ikkje vore uro eller bråk av noko slag, og ingen ting hadde vært øyelagd.

Forretningsførar Solås nemnde i samme møte, om ein kaskje burde kjøpa ein saftmaskin til kaféen. Det vart vanlig med slike på kaféene i vår tid. Prisen vart såpass høg, kr. 3.000,-, at styret valte å utsetja saka. Men det vart enighet om å gå igang med sal av iskrem.

På styremøtet 20 mai s.å. vart det vedteke å ikkje kjøpa saftmaskin, men heller anskaffe ein flaskekjøslar, som leverandører av flaskedrykk mogeleg kunne subsidiere.

Det vart ein liten høgtidstund ved kaffebordet på styremøtet 9 november, då Steffen Gausemel held ein tale til formannen Håvard Austad som fyller 70 år 25 november, og takka han for hans trugne og framgangsrike arbeid for Kaffistova gjennom mange år.

Austad takka for gode ord, og for gáva, ein kikkert, som styret hadde gjeve han til åremålsdagen. Han meinie at for han vart det ikkje berre at Kaffistova skulle tjena penger. Det vart enda meir om pengane vart brukta på rett måte, til gode hugmål.

Då det hadde gått noko tilattars med middagsgjester i Kaffistova, vart det på styremøtet 18 november 1959, vedteke eit forslag om at det 4 tysdagar vært avertert i avisa ein særskjild matrett (dagens kost), og ellers nevne dei andre middagsrettane ein kunne kjøpe seg på Kaffistova.

Sigrid Christoffersen fra Drammen Frisinnede Ungdomsforening, oppmoa på årsmøtet 17 februar 1960, styret å se på avlønninga av husmora og tenarskapen. Ho tykte løna deira no vart for snau, og at det vart på tide å auke løna deira. Framleggget vart samrøystes vedteke, og styret lovte at det skulle takas opp snarast mogeleg.

Rekneskapen synte eit driftsoverskott på kr. 26.629,34. Herfra går skatter og nedskrivingar, så netto overskott til disposisjon vart kr. 7.331,34.

Av konto "Til rådvelde for styret" vart løyvd til Buskerud Mållag kr. 1.000,-, til Leikarringen Noreg kr. 1.000,-, og til Norsk Tidend kr. 500,-.

Styret ga framlegg om at overskottet vert nytta soleis:

5% vinst til aktieigarane kr. 1.500,-.

Til Disposisjonsfondet kr. 4.000,-.

Til rådvelde for styret kr. 1.831,34.

Rekneskapen vart samrøystes vedteke, og ettersynsmann Arne Trolsrud attvald.

Styreformann Håvard Austad takka for seg, da han nå trekkte seg attende, etter 14 års innsats for Kaffistova. Han ynskte ei god framtid for lagbruket.

Steffen Gausemel takka Austad for han framifrå ledelse av styret, og for hans store innsats for Kaffistova.

År 1960 den 29 mars vart det halde konstituerende møte i styret for A/L Kaffistova - Bondeheimen. Håvard Austad satte møtet, og styrde det til ny formann vart vald.

Steffen Gausemel vart samrøystes vald til formann.

Harald Braathen vart vald til varaformann, og Sivert Meldal vart vald til skrivar.

Øvrige styremedlemmar vart då Reidun Tangen og Erling Vindheim.

Harald Braathen kom med framlegg om å kjøpa eit nytt kassaapparat, og til oppsetjing av eit gelender forann disken, slik at alle som bestiller må gå langs disken, for til slutt å passere kassaapparatet.

Vindheim og Braathen fekk i oppdrag å komme med utgreiing og framlegg til neste styremøte.

Forretningsførar Alf Solås fyller 60 år den 30 mars i år. I den samanheng vart det vedteke å gje han ein god stol i gave.

Steffen Gausemel, som no er den nye formannen i Kaffistova, åpna styremøtet 4 mai 1960, med å referere eit takkekort frå forretningsførar Alf Solås, for gava han fekk på sin 60 årsdag.

Bondeungdomslaget, som tidlegare hadde leigd eit rom i fyste etasje, for å nytta han til studierom, hadde forma ein søknad om Kaffistova kunne bestå oppussinga av rommet. Det blei vedteke at Kaffistova kostar matrialane, hvis Bondeungdomslaget sørger for arbeidet med oppussinga.

Saka om høgre løn for dei ansatte i Kaffistova vart no klårt, og vart som følger:

Husmora Anna Kostel får kr. 750,- for månaden.

Tenarskapen får frå kr. 350,- til kr. 450,- for månaden, etter ansenitet.

Forretningsføraren hadde sagt ifrå at han ikke ynskte noko lønnsauke.

Saka om kjøp av nytt kassaapparat vart ikkje vedteke, då ein synest at kr. 12.555,- vart for mykje pengar å bruke no.

✓
men

ANNA KOSTØL SLUTTAR SOM HUSMOR I KAFFISTOVA.

Til styremøtet 21 september 1960 vart det kommi brev, både frå husmora Anna Kostøl og forretningsførar Alf Solås, at båda seier opp stillingane sine frå 31.12.60. Det vart difor vedteke å lysa ut stillinga som husmor snarast mågeleg, med bia lite med forretningsførar-stillinga.

Etter gjennomgang av søknadene som vart komme inn, vart Fru Aase Myhre ansatt som husmor frå 1 januar 1961. Men like før jul, hadde fru Myhre sagt ifrå at ho ikkje kunne ta imot tilsetjinga. Difor måtte det snarast utlysast på nytt.

Blandt sekaranane denn gangen, vart Unni Tærum ansatt som ny husmor frå 20 april 61. Anna Kostøl sa då at ho vart viljug til å vera i stillinga, inntil den nye husmora hev komme inn i arbeidet.

Formann Steffen Gausemel brukte sitt finaste mål då han takka den fyrre husmora, Anna Kostøl, for hennar trugne og dugande arbeide ved "Stova" gjennom nære 26 år. Han ga henne ei korg med blomar, og sa at det var berre førebels. Ein ville komme attende seinare, med eit meire varig minne.

Samstundes ønskte formannen den nye husmora Unni Tærum velkommen som husmor.

Spørsmålet om avskilsgåve til Anna Kostøl vart drøfta på styremøtet 31 mai 61. Det vart då vedteke å gje Anna Kostøl ei månadsøn, d.v.s. kr. 750,- i avskildsgåve.

Etter som åra går i Kaffistova, kom det inn til styret diverse pålegg frå myndighetene. Frå Branntilsynet vart komme pålegg om ein ny omm i rom nr. 14, og ein ny omnsrør til bryggepanna.

) Frå Drammen Helseråd vart det komme pålegg om å pussa opp gangen mellom kjøken og opplagsrom. Likeeins å skifta ut ein gamal utslagsvask i denne gangen.
Forretningsføraren fekk i oppdrag å syrgje for at pålegget vart fylgd.

) Ein månad seinara kom det eit nytt pålegg frå Branntilsynet, om at alle romma måtte utstyrast med branntau, nokon dører måtte utbedrast eller skiftast. Det vart gitt tilslagn om at ein brannmann kunne ta på seg oppdraget.

) Då fleire av omnane på utleigeromma i 3dje etasje hadde begynt å verte noko aldersstegne, skulle det undersøkast om ein burde gå over til elektriske omnar.

) Dette vart då vedteke på styremøtet 11 oktober 61.

Bondeungdomslaget, som kan feire 50 års-jubileum i 1962, hadde sikt Kaffistova om tilskott til ei jubileumsbok, og styret gjorde vedtak om å løyve kr. 500,- til boka, på styremøtet 9 november 1951.

) Det hadde etter kort verti utskiftingar i tenarskapen, men ein fekk ansatt nye, etter kort som nokon slutta. På styremøtet 6 desember 61, vart det vedteke å dela ut julegratiale til alle ansatte.

Husmora og forretningsførar fekk kr. 200,-. Av tenarane fekk Eva Granlien kr. 100,-, og resten fekk kr. 75,-.

) Det vart komme melding om at Anna Kostål, som var husmor i Kaffistova til 1 mai 1961, hadde fått "Det kongelige selskap for Norges Vel"s medalje for lång og trufast tenest.

Styret gjorde då vedtak om å skipa til ein fest for henne i Kaffistova onsdag 20 desember kl 20,00. Styrene i dei laga som eig Kaffistova vart innbedne, dessuten nokre enkeltmenn som hadde stått Anna Kostål nær.

Fru Anna Kirkeeide, som gjekk ut av styret på årsmøtet 27 februar 1957 etter 32 år i styret, feiret sin 70 årsdag i januar d.å. Formann Steffen Gausemel hadde vitja 70 årslaget med blomar, og ein hjarteleg takk frå Kaffistova for fru Kirkeeide, s arbeid i styret i alle desse åra.

Dette fortalte Gausemel på styremøtet 24 januar 1962. Han las opp innbyding til Bondelagets 50 års jubileumsfest, for en representant frå styret, med følgje, til festen på Sundland 3 mars d.å.

Formannen ga også melding frå eit samråingsmøte som kaféfolk i Drammen hadde hatt saman med organisasjonsfolk frå Oslo 22 januar i år.

Her hadde dei drøfta priser og løner, og om ein oppretta tariff viste at løn til tenarskapen i Kaffistova måtte aukast.

I samsvar med dette fastsette styret nye løner for dei 5 tisette, med frå kr. 700,- for dei høgst lønte, og ned til kr. 350,- for dei lågest lønte.

Samstundes fekk husmora og forretningsførar, i samråd med formannen, fullmakt til å fastsettja nye og høgre priser på alle varer.

Før ein gjekk over til sakslista på styremøtet 21 februar 1962, fekk Sivert Meldal ordet, og takka for gáva han fekk på sin 70årsdag 20 februar i år.

Alf Solås vil slutta som forretningsførar frå 1 mars, og posten vart avertert i Drammens, blada. 5 sekjarar hadde meldt sin interesse.

Harald Braathen, som for tiden er varaformann i styret, vart samræystes tilsett, med løn kr. 1.500,- for året, 3 mnd. oppseilingstid.

✓
Samræystes

Spørsmålet om reklameskilt på veggen mot Amtm. Bloms gate og mot Engene, hadde værti drøfta ei stund. Tilbod frå Aass Bryggeri og Coca Cola om at dei betalar 3/4 av kostnadene på kr. 2.400,-. Saka vart utsett i påvente av eit betre tilbod.

Årsmeldinga for 1961 viste tydeleg at økonomien for Kaffistova har værti noko trangare etter kort, og viste at driftsoverskottet bare vart kr. 309,04. Med diverse avskrivingar av brukets verdiar, hadde ein løyvd kr. 500,- til Leikarringen Noreg, kr. 500,- til Bondeungdomslagets jubileumsskrift, og kr. 500,- til Buskerud Mållag. I tillegg ga styret framlegg om å ta kr. 1.500,- frå Disposisjonsfondet til utbyte på 5% til luteigarane.

Bilde av
Horn og
Kostel/
Ikke
førdeq

HEDRINGA AV ANNA KOSTØL.

↓
Unni
↓
Langbordet

Anna Kostøl hadde allerde værti takka for sin innsats som husmor i Kaffistova i 26 år, men hadde valt å utsettja sjølve storfesten til 20 desember 1961. Styrene i Kaffistovas eigarlag vart innbedne saman med hedergjesten, styret, husmora Unni Tørrum og forretningsførar Harald Braathen. Det vart difor ein stor flokk som vart benka kring langbirdet gjennom 2 salar i Kaffistova. Formann Steffen Gaussemel heldt hovedtalen fer Anna Kostøl, og han slutta med å feste "Det kongelige selskap for Norges Vel"s medalje på bringa hennar. Mange av deltagarane vart også med å bringe lovord til Anna Kostøl.

Sjølv takka ho for medalja og for alle godord som vart henne til del denne kvelden.

Sivert Meldal hadde skrive ein Hyldningsong til Anna Kostøl, som vart sunga på festen.

)
SONG FOR ANNA KOSTØL DÅ HO FEKK MEDALJE FOR LÅNG OG
TRUFAST TENESTE PÅ HEDERSFESTEN 20 DESEMBER 1961.

Vår Anna Kostøl oss eingong lova
å styre stellet på Kaffistova.
"Så lita løn, men javel - åja,
eg tru nok endå det skal gå bra".

Så bar det til då med brød og kaffe,
og all den mat som ho kunne skaffe.
Og renning vart det og mang ein swing,
men blanke pengar sa "klinge - ling".

Det vart å masa med fat og koppar,
og rikeleg føde for svaltna kroppar.
Det fleire matslag kom ut på disken,
frå steik og grynsodd til plukka fisken.

Det gjekk med mynde, men og med lenter,
og stødig styrde ho spretne jenter.
Om ein og annan var kåt og vill,
vår Anna fekk henne oftast til.

Så gjekk då tida, og dagar strøynde,
og kva ho tenkte, og kva ho drøynde.
Det veit vi ikkje, men dag og år,
ho ga sitt beste for stova vår.

No står du her då, vår kjære Anna,
med år på aksla og rim på panna.
I tjue - seks år du streva trutt,
no kan du unna deg kvil til slutt.

Men vi som vyrder, kjem og takkar,
for strev med smil i dei tunge bakkar.
For alt du gjorde og alt du var,
for alt du lyfte og alt du bar.

Om orda våre er heller arme,
det vantar ikkje på hjartevarme.
Men endå synest vi det er best,
du får eit minne på bringa fest.

Og no til lykke med denna æra,
og med det minnet du fekk å bera.
Vi alle, alle gjev vene hand,
eit alltid varande hjarteband.

Helsing Sivert Meldal.

Til dette årsmøtet, 28 februar 1962, vart det meldt at 3 medlemmer ville gå ut av styret. Dei var Steffen Gausemel, Reidun Tangen og Harald Braathen.

Som nye styremedlemmar vart vald:

Ragnhild Subhaug, Sigrid Imingen, og Hans Stokke.

Erling Windheim og Sivert Meldal fortsetter.

Arne Trolsrød fortsetter som ettersynsmann.

Utbytte på 5% til luteigarane vart samråystes vedteke.

Det konstituerende styremøte 21 mars 1962, vart satt av Steffen Gausemel. Tilstades var Ragnhild Stughaug, Sigrid Imingen, Hans Stokke, Erling Windheim og Sivert Meldal.

Desuten husmora Unni Tørrum, og den nye forretningsføraren Harald Braathen.

Erling Windheim vart vald til formann, Hans Stokke til varaformann og Sivert Meldal til skrivars.

Forretningsføraren fekk på dette møtet fullmakt til å kjøpe eit Anchors kassaapparat til kr. 10.500,-, på 2 års kontrakt.

Formann og husmora fekk fullmakt til å ta inn tenarskap når det trengst.

Erling Windheim satte sitt fystske styremøte som formann 23 mai 1962. Det vart no mange ting å handsamas med, og styret fann at Kaffistova er nøyd til å ta opp eit lån på inn til kr. 40.000,-. Grunnane for låneopptaket er desse:

1. Pålegg frå Branntilsynet vil koste kr. 15.000,-.
2. Nøyd å gå til innkjøp av ein elektrisk komfyr, kassaapparat (til kr. 10.500,-), nokre kjøkenutstyr og sengety.
3. Ein må omunnreia rom nr. 4 i 2dre etasje til bad og vaskerom.
4. Det må leggast opp elektriske panellomnar på alle rom i 3 dje etasje.
5. Det må snarast kjøpast inn: Frysoks, brødkjærmaskin, kaffetraktraktar og mixmaster.
6. Oppussing av trappeoppgang og den store salen.

Alt vart samrøystes vedteke.

Hans Stokke fekk i oppgåve å laga ein plan til neste styremøte.

Men Hans Stokke fekk nok ikkje laga noen plan for dette arbeidet, då han vart alvorleg sjuk.

Heile styret måtte på styremøtet 24 september 62, skriva under på eit låneopptak i Drammen Sparebank på kr. 40.000,-. (Kassakredittlån).

Drammen Likningskontor hadde i skriva form melding om at aktiane i A/L Kaffistova - Bondeheimen måtte skrivast opp til kr. 5.000,- pr. aktie.

Varaformann Hans Stokke hadde klart å skriva og søkt om utsettjing, da han tykkte spranget frå kr. 1.500,- til kr. 5.000,- vart for stort.

På styremøtet 30 januar 1963 held formann Erling Windheim minnetale over Hans Stokke, som døyde like før jul.
Som ny nestformann vart Sigurd Solheim vald.

Årsmeldinga for 1962 viste at mykje vælins- og oppussingsarbeid har vært gjort, særleg måling. Fleire skåp er satt inn på kjøkkenet, og det er installert elektriske varmeomnar på gjesteromma. Det har vært skipa til bad for husmor og tenarskap. Det er kjøpt inn kjøkkenutstyr for kr. 633,35,- og sengety for kr. 3.085,16.

Reknaskapen synte eit underskott på kr. 23.700,16, og avskrivingssum på kr. 25.057,41, som er komme fram ved at gammalt utstyr er skifta ut med nytt.

Styret gjer framlegg om eit utbytte til aktieseigarane på 5%, til kr. 1.500,-. Saman med underskottet, vart alt dekkt med kr. 18.000,- av Reservefondet, og resten vart teke av Disposisjonsfondet.

) Alt vart samråystes vedteke på årsmøtet 22 februar 1963.

Avg andre saker som vart behandla på årsmøtet, vart melding frå Ida Bredesen, som driv mote-forretningen Lydia Christensens Eft.flg., at ho ynskjer å overdra forretningen sin til andre, og vonar at Kaffistova vil godkjenna den nye som leigebuar.

Arne Lie Larsen, Drammen, ynskjer å leige dette forretningsrommet etter Lydia Christens Eft.flg. til guldsmedforretning.

) Styret vart på styremøtet 17 juni 1963 enige om at Arne Lie Larsen kunne drøfte saka med Ida Bredesen, og så skulle ein koma attende til saka.

For å få avvikla sommarferie for husmor og tenarskapen, fekk formannen, forretningsføraren og husmora fullmakt til å ordne med stenging og vakthald på Kaffistova, på beste måte.

Forretningsførar Harald Braathen fekk etter anmodning om lønsauke, styrets vedtak om å auke løna til kr. 3.000,- pr. år.

Ei sak som har kosta mykje arbeid for styret i Kaffistova, er eit krav frå Aslak Vesterdal, nå busatt i Lunde i Telemark, som i 1961, og gjentatte krav i 1962 og nå i 1963, gjorde krav på 5 aktiar i Kaffistova. Han var med og starta Bragernes Kaffistove 25 februar 1914, og han var den fyste forretningsføraren, med eit eige på 5 aktiar. På slutten av året 1914, vart Vesterdal, som var underoffiser, utkalla til nøytralitetsvakt, og måtte difor reisa frå byen.

Hans aktiar vart då selde, 3 til Bondeungdomslaget og 2 til Drammen Frisinnede Ungdomsforening.

Dette vart nedskrive i årsmeldinga for 1914, datert 31 januar 1915, og underskrive av fyste formannen Olav Eggen.

)
Etter at Vesterdal reiste, vart Haakenrud innsatt som forretningsførar. Dette fant styret ut ved gjennomsyn i dei gamle protokollane, og ga eit skriftleg svar til Aslak Vesterdal, datert 16 februar 1963.

Etter forlangende av Vesterdal, vart formannen i Kaffistova, Erling Windheim, innstemnd til Forliksrådet i Drammen.

Her forklarte Windheim det faktiske forholdet, og viste til gamle protokollar.

Vesterdal godtek ikkje dette, og viste saka til retten.

I skriv frå Drammen Byfogdebete, går det fram at Vesterdal har reist krav at Drammen Sikterett sett ned eit granskningsutval, til å finna ut han eig 5 aktiar i Kaffistova, og at han vil ha dei ytleverte.

✓
Ytleverte

Styret i Kaffistova, ved formann Erling Windheim, sendte eit omfattande skriv til Drammen Skifterett, datert 18 juni 1963, hvor saka med Aslak Vesterdal vart fullstendig belyst. Aktiebreva frå nr. 1 til nr. 20, registrerte 20 mars 1915 og underskrevne 3 august 1915, men ingen stad finnsta navnet Aslak Vesterdal.

Innan styremøtet i Kaffistova vart satt 28 august 1963, vart det ikkje kome noko svar på skrivet som vart sendt til Drammen Skifterett.

-Derimot vart det avklara at Arne Lie Larsen fekk leige butikklokala etter Lydia Christensens Eft.flg. for å åpne gildsmedbutikk. Huleiga vart satt til kr. 125,- pr. mnd.

Garden tek til å bli gammal, og stadig nye slitasjeskader kjem fram. På styremøtet 4 september d.å. kunne styret ta for seg ting som det vart naudsynt å gjere noko med: Taket måtte gæs nøye over. Takrennene måtte fornyaast. Gesimsen til bakgården måtte omstøypast. Veggane måtte friskas opp.

Murmeister Finn Hagby hadde fått i oppdrag å kome med eit overslag. Han var tilstades på styremøtet 30 september, og gjorde greie for gårdenes tilstand, spesiellt taket. Han hadde med eit skiftleg oversikt over arbeidet og pris for dette, som han meinte ville bli ca. kr. 40.000,-.

For å grei desse utgiftene, vart det vedteke å søkja om eit lån i Drammen Sparebank på kr. 40.000,-.

På same møte forelå søknad frå Georg Nilsen om å få leige portrommet mot Engene til vanleg pølsehandel, men saka vart utsatt til nærmare undersøkjing vart halde.

Usæda ungdom, utan den minste "folkeskikk", hadde vørte ei plåge for tenarskapen og vaksne gjestar. Styret meinte at detta var ei så alvorleg sak, at det måtte gjerast noko med. Ein vart redd for at Kaffistova ville få eit uord på seg, og drøfta åtgjerde på styremøtet 18 desember 1963.

Forretningsføraren fekk fullmakt til å seie opp dei nattegjestene som ikkje ber seg åt i samsvar med dei reglar ein må settja. I dette høve gjalt det 4 personar som skal seies opp straks. Styret ville også, om naudsynt, kobla inn politiet.

Det vart vedteke å setja opp ordensreglar på stova og på gjesteromma.

Også denne gangen kom det bod om at 2 av tenarskapen ville slutte, så ein måtte snarast søkje etter nye tenrar.

Murmeister Hagby hadde fått utbetalt kr. 30.000,- til innkjøp av matrialar ved oppstart av arbeidet, men no ville han ha kr. 10.000,- til, føt arbeidet vart ferdigstilt.

Formann og skrivær fekk i oppdrag å tala med Hagby, og tilby han kr. 5.000,-.

V
Synast

Til styremøtet 22 januar 1964 forelå hele rekninga frå murmeister Hagby. Arbeidet vart ferdig utført etter avtaler, men rekninga lød på kr. 57.876,33.

Det opphavlege overslag var på kr. 40.000,-. Skjillnaden synasr uhøvleg stor, så difor vart styret enige om å kontakte byggeleiari John Oppheim frå Lillehammer, slik at han kunne gå igjennom rekninga og arbeidet som vart utført.

Forretningsførar Braathen fekk fullmakt til å utbetala kr. 3.500,- som en mellombels ordning til murmeister Hagby.

Oppheim hadde til styremøtet i februar levert si vurdering over arbeidet Hagby hadde utført. Etter Oppheims vurdering burde haveleg pris væra kr. 43.509,74.

Styret vart samde om å tilby Hagby denne summen som eit endeleg oppgjør.

Det vart påny kommet krav frå Aslak Vesterdal om 5 aktiar i Kaffistova, men styret vil ikkje hefta bort meir tid på denne saka.

Årsrekneskapen for heile året 1963, som vart lagt fram på årsmøtet 26 februar 1964, synte at det er store kostnader å handsame for Kaffistova.

Vegg- og takreparasjonane utført av murmeister Hagby vart førebels utrekna til kr. 43.509,74.

Ombygnad av rom nr. 4 til bad kosta kr. 7.542,18.

Oppsettjing av reklameskilt på utvendige vegger kr. 921,44.

Diverse kjøkenutstyr vart innkjøpt for tilsaman kr. 2.406,93.

Årsrekneskapen viste eit underskott på kr. 24.384,64.

Herav avskivingar er foretatt med tilsaman kr. 6.808,53.

Allikevel vart det vedteke å setja ut 5% vinst til aktieigarane, tilsaman kr. 1.500,-.

Til rådvelde for styret kr. 1.420,40.. Alt dekkes av Reservefondet med kr. 11.772,16, og Disposisjonsfondet med kr. 15.532,28.

V
avskrivningar

Av dei som vart valde på årsmøtet, vart følgande valde på styremøtet 4 mars 1964: Formann Sigurd Solheim. Varaformann Erling Vindheim. Skrivar Sivert Meldeal. Styremedlemmar Ragnhild Stubhaug og Njell Søndenå. Etter eit møte med murmeister Hagby, vart styret samde om prisen på vegg- og takreparasjonane med kr. 52.200,-, som endeleg oppgjer. Husmora Unni Tørum hadde sagt opp si stilling, men når styret baud ho ein livstrygging på kr. 20.000,-, valdte ho å fortsettja.

Leikarringen Noreg hadde tankar om å reisa til eit folkedansstemna i Wales, og søkte om stønad til ferd, og på styremøtet 14 mai, vart dei løyvd kr. 550,-. Noregs Mållag vart løyvd kr. 200,-. Aslak Vesterdal held fram med krav om aktiar, men no krev han berre 2 aktiar, og ikkje 5 som tidlegare. Dei 2 aktiebreva har Drammen Frisinnede Ungdomsforening, så styret viste difor Vesterdal til eigarane, og reknar med at no er saka løyst for Kaffistovas del.

At tenarskapen bør få uniformar vart styret samde om på møtet 14 september. Dei må sjølv kjøpa tyet, men Kaffistova kostar syinga.

Drammen El.verk søker om å få settja opp ein utliggararm for gatelys til Amtm. Bloms gate, og det vart innvilga.

Tilbod om ein spilleautomat på stova, kan bli oppsett på prøve, hvis tilboden er bra. Det vart vedteke på styremøtet 14 desember. Forretningsførar og husmora fekk fullmakt til å handsame saka.

Det vart og vedteke at husmora og tenarskapen får same julegave som førre året.

Noregs Mållag vart løyvd kr. 100,-, og Leikarringen
Noreg kr. 200,-.

Når rekneskapen for året 1964 vart lagt fram på årsmøtet 26 februar 1965, kunne ein visa til eit overskott på kr. 1.599,70. Rekneskapen vart vedteke, likeså at det ikkje vart løyvd noko utgyte i år, samt at det vart avsett kr. 2.231,41 til rådvelde for styret.

Arne Trolsrud vart attvaled som ettersynsmann, og Harald Braathen som forretningsførar.

Ein hadde lengje ønska å auke husleigene for forretningsane, og no hadde endeleg Husleienemnda i Drammen kome med eit svar. På styremøtet 24 april vart svaret lagt fram, og ein vart samde om at påslaga vart for små, og at ein ville anka vedtaket.

Drammen Mållag vart løyvd kr. 500,- til lagets 50 årsjubileum. Noregs Mållag vart løyvd kr. 100,-, og Leikarringen Noreg kr. 250,-.

SKAL VI RIVA OG BYGGJA EIT NYTT ENGENE 4?

På ny vart tanken om riving av huset Engene 4, og å byggja nytt i staden. Heile styret vart oppmoda til å komme med sitt syn på sak. Fleire meinte at det har værti for kostbart å halde den gamle gården i bruakeleg stand. Banklåna med avdrag og renter tyngjar bruket, og pålegg frå myndighetane, i tillegg til store reparasjonskostnader, gjer det ikkje lett å få "endane til å metast".

Ei nemnd til å arbeide med sak, vart nedsett på styremøtet 15 juni 1965. Nemnda bestod av Sigurd Solheim, Njell Søndenå og Harald Braathen. Njell Søndenå fekk i oppdrag å kontakta arkitekt Kirkhorn om ei skisse og ein tenkjeleg pris.

)
Formann Sigurd Solheim meldte på styremøtet 3 november 1965, at bortleigeromma nr. 6-7-8-9-10-12 og 15 vart oppussa etter pålegg frå Helserådet, og deretter godt kjent av Hotellinspektøren. Kostnaden vart rundt kr. 5.000,-.

Styret ga formannen, husmora og forretningsføraren fullmakt til å revidera utleigeprisane på gjesteromma.

Håvard Austad, som hadde vore ein framifrå slitar for Kaffistova, men 14 års innsats som styreformann, hadde gått bort, og Sivert Meldal held ein minnetale over han, då årsmøtet vart opna 25 februar 1966:

) Det første på sakslista vart rekneskapen, som viste eit overskott på kr. 2.677,03. Rekneskapen vart samrøystes vedteke, og overskottet vart sett til rådvelde for styret. Med det som vart att frå førre året, vart denne posten no kr. 3.958,44.

Det vart også vedteke å ikkje dela ut noko utbyte for 1965.

Utleigeprisane for gjesteromma er sett opp frå t.d. kr. 8,- til kr. 12,- pr. døgn. Huleiga for forretningsane i 1ste etasje vart også pålagde, men ikkje så mykje som ein meinte vart høveleg. Dei vart fastsette av Husleienemnda i Drammen.

) Styret konstituerte seg på styremøtet 23 mars 1966.
Sigurd Solheim vart attvald som formann. Erling Vindheim som varaformann. Sivert Meldal som skrivars. Regnhild Stubhaug og Asbjørn Seiseth som styremedlemmar.

✓
Steinseth Etter søknad vart det løyvd kr. 500,- til Leikarringen Noreg, og kr. 250,- til Noregs Mållag.

Husmora Unni Tærum hadde påny sagt opp si stilling, og ønska å slutte 30 juni i år.

Formannen og forretningsføraren fekk fullmakt til å lysa ut stillingen som husmor, og likeeins stilling som kokk/kokke.

Forretningsførar Harald Braathen hadde sagt opp si stilling på styremøtet 8 mai, og ville slutte 30 juni. Som svar på utlysinga som ny husmor i Kaffistova, hadde frk. Birgit Hunstad frå Rjukan sagt at ho vart interessaert i stillinga.

På styremøtet 28 juni vart Arne Trolsrud ansatt som ny forretningsførar frå 1 august. Han vart tilsett på same vilkår som Harald Braathen, med løn kr. 3.000,- pr. år, og med 3 mnd. oppsigelse.

Fr. Birgit Hunstad vart ansatt som ny husmor, og ho gjekk inn i stillinga frå 1 juni.

Statens Pristilsyn hadde gitt påbod om å setja opp prisplakater på alle romma, og forretningsførar Arne Trolsrud fekk i oppdrag på styremøtet 23 november 1966, å ta seg av saka.

Revisor Ragnar T. Dahl har tatt over ettersyn av rekneskapen, siden den førre ettersynsmannen Arne Trolsrud, vart tilsett som forretningsførar.

Den nye tariffen krev høgre løner, og lønna til personala aukes til kr. 1.075,- pr. mnd. Husmor og kokke fekk same lønnsauke.

Ved sida av rekneskapen, vart eit framlegg om lovbrigde dei viktigaste sakene på årsmøtet 17 februar 1967. Rekneskapen viste eit underskott på kr. 88,33. Til rådvelde for styret sto att kr. 3.208,44 frå førre året. Styret gjorde framlegg om at det heller ikkje i år vart noko utbytte på aktiane. Alt vart samrøystes vedteke. Styret kom med framlegg til bridge i § 2 i "Lov for A/L Kaffistova - Bondeheimen".

"Styret for A/L Kaffistova - Bondeheimen skal ha 5 - fem - styremedlemmar. Aktieeigarane vel styret for 2 år, på den måten at det eine året går 2 representantar ut, det neste året 3. I styret skal det være med både kvinner og menn".

) Lovforslaget vart samrøystes vedteke, og skal til avrøysting igjen på neste vanlege årsmøte, og vart då gjeldande frå samme tid.

På grunn av giftermål, vil husmora Birgit Hunstad slutta i stillingen frå 17de mai d.å., og hennar oppseiling vart opplest på styremøtet 15 mars. Forretningsføraren fekk i oppdrag å tinga med ho som er kokke no, fru Valborg Christoffersen, om ho er viljug til å ta på seg husmorstillinga.

) På samme styremøte vart det etter søknad løyvd kr. 200,- til Leikarringen Noreg, og det samme til Idrettslaget BUL.

Helserådet i Drammen, kom etter inpeksjon, med pålegg om ymse utbedringar og nyinnkjøp. Forretningsføraren tek seg av dette.

Fru Valborg Christoffersen meddelte styret 10 mai d.å., at ho vart viljug til å overta husmorstillinga, kombinert med kjøkkensjefstillinga. Løna vart fastsett til kr. 1.800,- pr. mnd. Fri trygdekasse og fri kost og opphold.

Mannen hennar, Leif H. Christoffersen, blir også buande her, og får kosten den tida han er heime. Han skal føre tileyn med garden og Kaffistova, og ta seg av fallande småreparasjonar.

) Det vart på årsmøtet 23 februar 1968 vedteke rekneskapen som revisor Ragnar T. Dahl hadde revidert, med eit overskott på kr. 3.907,21.

Til rådvelde for styret står att kr. 2.808,44 frå førre året. Det vart også vedteke å ikkje dela ut noko utbyte på aktiane, men istedet betala av så mykje som mågeleg på kassakredittlånet.

I samsvar med lovbrigde av § 2 frå førre årsmøtet, vart dette lovbrigd samrøystes vedteke, og gjelder frå denne dag.

) Denne gongen vart 2 medlemmar vald til styret, og desse
vart Kåre Evenstad og Steffen Gausemel.

Innbyrdes val på nytt styre, vart handsama på styremøtet 18 mars 1968. Etter noko att og fram, vart som ny formann vald Asbjørn Steinseth, varaformann Steffen Gausemel, skrivars Sivert Meldal, og styremedlemmar Kåre Evenstad og Ragnhild Stubhaug.

Leikarringen Noreg vart på dette møtet løyvd kr. 400,-.

) Da det på siste Årsmøte vart reist kritikk til husmoras handsaming av tidligare omtalte musikkmaskin, vart det kome eit brev frå husmoras mann, Leif H. Christoffersen, hvor han kraftig tek til motmele mot kritikken husmora vært utsett for. Han hevda at musikkmaskinen vart eit pluss for Kaffistova, som også ville gi inntekter når maskinene snart hadde betalt seg sjølv. Førebels er det registrert økt sal av mineralvatn og kaffe.

✓
det Han fastslår i brevet, at hvist det blir lagt kritiske band på husmoras arbeid på grunn av musikkmaskinen, vil han ikkje la sin hustru fortsetja i stillingen, og han vil heller ikkje være vaktmeister utan løn. Han meiner at hans innsats for Kaffistova er verdt ei løn på kr. 1.200,- pr. mnd., og han ber styret behandle innhaldet i brevet på beste måte.

Og styret tok brevet fra husmoras mann, Leif H. Christoffersen, til etterrettning, og formann og forretningsførar fekk på styremøtet 5 april, fullmakt til å tinga med husmora og mannen hennar. Innanfor dei grensane som vart sette(kr. 1.000,- til husmoras mann), kan dei avgjera sakji.

Det vart gjort vedtak om at Kaffistova tek over musikkmaskinen, når den kontrakta husmora har med A/S Risto går ut. Ho får ei godtgjørelse i prosent av bruttoinntekta i musikkmaskinen etter nærmere avgjerd.

) Forretningsførar Arne Trolsrud ga eit oversyn over lønes-
utbetalinger på Kaffistova, slik det ser ut idag:

Husmora kr. 1.800,- pr. mnd.	= kr. 1.800,-.
Tenarskap kr. 1.230,- pr. mnd. x 4	= kr. 4.920,-.
Tenarskap kr. 889,- pr. mnd. x 1	= kr. 889,-.
Tilsammen pr. mnd.	<u>kr. 7.609,-.</u>

Møtet ga forretningsføraren fullmakt til, saman med hus-
mora, å kjøpa inn 36 nye stolar til storsalen.

) Julegåver vart bevilga med kr. 100,- til husmora, og
kr. 75,- til dei andre fast tilsette. Dette vart løyvd på
styremøtet 11 desember. På same møte vart det også løyvd
kr. 250,- til Noregs Mållag, og kr. 500,- til Leikarringen
Noreg.

Rekneskapen for 1968, som vart lagt fram på årsmøtet
19 februar 1969, synte eit overskott på kr. 1.983,88, og
det vart vedteke å gi 5 % utbyte til aktieeigarane, til-
saman kr. 1.500,-.

Årsmøtet valgte denne gang 3 styremedlemmar: Ragnhild
Stubhaug, Sivert Meldal og Georg Steinmoen. Ikkje på valg:
Kåre Evenstad og Steffen Gausemel.

) På styremøtet 10 mars vart Kåre Evenstad valt til formann,
Georg Steinmoen til varaformann, og Steffen Gausemel til
skrivar. Øvrige styremedlemmar vart då: Ragnhild Stubhaug
og Sivert Meldal.

Det hadde lenge vore et ønskje å kasta ut omnane på rom
nr. 6 - 8 - 9 - 11-14, nå som romma hadde fått panellommar.
Branntilsynet hadde gitt pålegg om hvordan det måtte
gjørast og kvifor det måtte gjørast. Likeeins er ein
gamal bryggepanne i kjellaren teke ned.

Styret vedtok å auke månadsløna til Leif H. Christoffer-
sen til kr. 1.300,- pr. mnd. Krav om arbeidsområde vart
fastsett.